

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 17.11.2009  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Hans Stenby  
Saka gjeld: **Bruk av korridorplassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen**

**Styresak 106/09 O**

**Administrerande direktør si orientering pkt 2**

**Styremøte 02.12. 2009**

---

Det er i oktober 2009 ikkje nytta korridorplassar i akutt- og korttidspostane i psykisk helsevern i Helse Bergen. Det er heller ikkje nytta korridorplassar fram til dags dato i november månad.

Det blir arbeidd aktivt med å snu pasientstraumen slik at fleire pasientar vert tilvist direkte til DPSa, eventuelt at dei blir raskt overført frå akuttmottaket (PAM).

Kapasiteten er styrka på sjukehusnivå knytt til pasientar som treng strengare sikkerheitsrammer (5 plassar) og pasientar som i tillegg til psykisk lidning også har store rusproblem (2 plassar).

Ein hovudutfordring er at det fortsett er mange pasientar som er utskrivingsklare. Pr august 2009 var 49 pasientar søkt overført til kommunale tiltak i Bergen kommune.

Bergen kommune bad i brev av 08.06.09 til Helse- og omsorgsdepartementet om ei nærmere vurdering av om det kunne vere eit kommunalt ansvar å gje tilbod til ein del av desse pasientane.

Det ligg først no føre eit svar frå departementet. Brevet er sendt i kopi til Helse Vest. I brevet slår departementet fast at kommunen har ansvar for tilbod til personar som er utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta. Kommunens ansvar føreset at spesialisthelsetenesta må yta spesialisterte tenester i den grad det er naudsynt. Det blir vist til plikta til å rettleie kommunane, jf spesialisthelsetenestelova § 6-3.

Departementet viser også til at kommunen må få rimeleg tid til å etablere naudsynt kompetanse og laga tilbod som er tilpassa. Departementet legg til grunn at spørsmålet som kommunen reiser kan avklarast og løysast gjennom godt samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og kommunen til beste for den einskilde pasient. Brevet er vedlagt.

Helse Vest kommenterte spørsmålet som blei reist av Bergen kommune overfor departementet, i eige brev av 08.09.09.